



Smågutelaget (93) hadde ein stor dag på Ekebergsletta onsdag.

Det var smågutelaget (93) som hadde den store dagen på Ekebergsletta då sluttspilet i Norway Cup starta onsdag. Etter ein overbevisande 4-0-siger er dei klare for åttandedelsfinale. Småjentene (93) gjekk på eit tap, og i og med at sluttspilet vert spela som cup, er dei ute av turneringa.

Smågutane spela i følge rapportane ein kjempekamp mot Slidre/Røn COOP. Det var aldri nokon tvil om kven som skulle gå sigrande ut av kampen. Etter scoringar av Sindre Omvik, Vegard Ludvigsen og Sondre Ænes samt eit sjølvsmål vart det nok ein storsiger på laget, 4-0. Laget har no fin flyt, dei scorar bra med mål samstundes som dei har tetta godt att bakover. På fire kampar har dei berre sleppt inn eit mål. Det vert spennande å følgja laget vidare og sjå kvar dette endar!

Torsdag kl.09.00 må toppforma på ny vera inne, for då møter laget Herd i 8.-delsfinale. Med siger der vil dei vera klare for kvartfinalekamp på ettermiddagen. Vi ønskjer laget lukke til og seier tvi,tvi!

Småjentene spela onsdag mot Øygard COOP. Her fekk dei sterk motstand, og sjølv om kampen var jamn spelemessig, enda det med 1-4-tap. Ingebjørg Opheim teikna seg på scoringslista også i dag. Jentene kan likevel vera godt nøgd med innsatsen. Før kampen hadde dei to singlar og ein uavgjort.

Som eit synleg bevis på den flotte innsatsen får dei tildelt medaljar som puljevinnarar. No kjem dei til å bruka dagane som kjem til å heia på gutelaga som er gått vidare. Torsdag kveld skal dei dessutan på UEFA-cup-kamp mellom Vålerenga og Flora Tallin på Ullevål Stadion.

PS:

I dette øyeblikk får vi inn melding om at smågutar 95 har vunne 2-0 i B-sluttspilet.

Av Thor Inge Døssland